

Ph.d. i helse- og sosialfag,  
Profesjonsutøving - vilkår og utvikling

# Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling



Doktorand: Anita Dyb Linge

Fredag 3. juni 2022 kl. 10.15 - 15.00

Høgskulen i Volda

[Lenke til strøyming](#)

## Anita Dyb Linge held prøeforelesing og forsvarar si avhandling for doktorgraden i helse- og sosialfag, Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gjeve av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Doktorgradsdisputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

### Tittel

“Self-Efficacy and Work-Related Factors Associated With Return to Work in a Vocational Rehabilitation Programme With a Lifestyle Focus – A Prospective Observational Study”

### Oppsummering

Linge har i si doktorgradsavhandling undersøkt ei gruppe personar, mellom 18 til 67 år, som står i fare for eller har falt ut av arbeidslivet grunna fedme eller fedmerelaterte sjukdomar. Personane har deltatt på eit 12 månaders arbeidsretta rehabiliteringstiltak med livsstilsfokus ved rehabiliteringssenteret Muritunet. Samanstilling av funn i avhandlinga framhevar «kva som påverkar det å stå i arbeid», «kva må til for å returnere tilbake til arbeid etter sjukefråvær», «kva som påverkar langvarig sjukefråvær» og ytre forhold som påverkar arbeidsdeltaking.

Deltakarane si tru på å meistre livsstilsendring og arbeidsdeltaking har betydning for å nå eigne mål både under og etter rehabilitering. Konklusjonen i avhandlinga understrekar at arbeidsdeltaking og livsstilsendring er ein samansett og kompleks prosess som er påverka av kroppsstørrelse, arbeidsevne, livskvalitet og meistringsforventning for arbeid. Dessutan er arbeidsdeltaking viktig for deltakarane sin livskvalitet og er knytta til meistringstru og tidlegare arbeidserfaringar.

### Bakgrunn

I Norge har omrent 25 % av alle menn og 20 % av alle kvinner i aldersgruppa 40 til 45 år ein BMI over 30 (fedme) som kan gi helsemessige utfordringar, både fysisk og mentalt. Tidlegare forsking viser at dei helsemessige utfordringane knytt til fedme kan bidra til å redusere arbeidsevne og arbeidskapasitet og auke arbeidsfråvær. Dessutan kan personar med fedme slite med å kome inn i og å stå i jobb. I følgje tidlegare publiserte studiar kan eit vekttap bidra til å auke arbeidsevne, redusere sjukefråvær, resultere til tidlegare retur til arbeid etter sjukefråvær og redusere arbeidsuføre.

Å stå utanfor arbeidslivet er ein av dei viktigaste faktorane for sosiale ulikskapar i samfunnet. Difor kan personar i Norge som har redusert arbeidskapasitet delta i ulike arbeidsretta rehabiliteringstilbod der målet er tilbake i arbeid. Problemets er at eksisterande rehabiliteringstilbod normalt ikkje varar i meir enn fire veker og har ikkje fokus på livsstilsendring. For å oppnå livsstilsendring med mål om vektredusjon så er minimum 6 månadar oppfølgingslengde anbefalt og står i stor kontrast til eksisterande tilbod.

I 2015, fekk Muritunet, som første institusjon i Noreg, moglegheit til å etablere eit midlertidig arbeidsretta rehabiliteringstilbod med fokus på livsstilsendring. Formålet var arbeidsdeltaking og redusere konsekvens av fedme. Ein litteraturgjennomgang viser ein beskjeden utval i publisert forskingslitteratur i kryssingsfeltet vektredusjon og arbeidsdeltaking. Ingen av desse publiserte studiane har undersøkt personar som har deltatt

i eit arbeidsretta rehabiliteringstiltak med livsstilsfokus, ei heller føretatt intervju for å høre deira erfaringar på kva som påverkar arbeidsdeltaking. Formålet med prosjektet var difor å undersøke kva faktorar påverka arbeidsdeltaking hos personar som står i fare for eller hadde falt ut av arbeidslivet grunna fedme eller fedmerelaterte sjukdomar.

### Kva betydning kan forskinga få?

Publisert forskingslitteratur i kryssingsfeltet vektredring og arbeidsdeltaking er liten. Vidare, arbeidsretta rehabilitering med livsstilsfokus er ikkje etablert behandlingstilbod i Norge. Funna i avhandlinga kan bidra til større kunnskap om korleis bygge opp framtidige behandlingstilbod for målgruppa og ein bør vere merksam på behovet denne gruppa har for livsstilsendring som kan ha betydning for arbeidsdeltaking. Funna frå avhandlinga er eit substansielt bidrag til forskingslitteraturen i fagfeltet.

### Medlemmar av bedømmingskommisjonen

Ole Steen Mortensen, professor ved Københavns Universitet  
John Roger Andersen, professor ved Høgskulen på Vestlandet  
Helga Synnevåg Løvoll, professor ved Høgskulen i Volda

### Hovudretteiar

Stål Kapstø Bjørkly, professor, Høgskolen i Molde

### Medretteiarar

Chris Jensen, leder Nasjonal Kompetanseneste for Arbeidsretta Rehabilitering  
Bente Hasle, førsteammanensis, Høgskulen i Volda



Anita Dyb Linge (47) er busett på Linge i Valldal. Ho har ein Master of Public Administration frå Copenhagen Business School frå 2010. Både før, under og etter stipendiatperioden ved Institutt for sosialfag har ho vore tilsett som Forsknings- og utviklingsleiar ved Muritunet. I tillegg blei Linge i mai 2022 tilsett i ei deltids forskarstilling ved Avdeling for samfunnsfag og historie ved Høgskulen i Volda i prosjektet Mandatory Reporting of Intimate Partner Violence.

# PROGRAM

## 10.15 : Prøeforelesing

Tema for prøeforelesinga: "Er arbeid sunt"?

## 11.00: Pause

## 12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er: "Self-Efficacy and Work-Related Factors Associated With Return to Work in a Vocational Rehabilitation Programme With a Lifestyle Focus – A Prospective Observational Study."

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)  
*Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet*
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)

*Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet*

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentleg gjennomsyn frå og med 20. mai på Studentsørvis og i biblioteket.

